

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 14. februar 2018

Stad: seminarrom 301 i HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A - Ludmila I. Torlakova (arabisk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk), Ingunn Lunde (russisk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk) og Åse Johnsen (instituttleiar). Johnsen forlet møtet etter sak 4.

Frå gruppe B - Gunn Inger Sture

Frå gruppe C - Anna Polster

Frå gruppe D - Joakim Fossan, Stine Haugland

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær utan røyserett.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 1. desember 2017

Referatet vart sendt ut først 14.2, og til det gamle instituttrådet, som har fått godkjenningsfrist til 21. februar.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Det er valt nytt instituttråd for perioden 2018-2021, og møtet i dag 14.2 er det første med det nye rådet. Uthaug orienterte om justeringane som er gjort i rådet:
- Dei nasjonale prøvane i engelsk har fått ein representant (gruppe A) sidan dei tilsette på prøvane frå og med 2018 er tilsette ved IF. Sidan gruppe A slik er utvida, og instituttleiarstillinga høyrer med under gruppe A, må to varaplassar i gruppe D omgjerast til faste medleamar for at studentane skal ha den representasjonen regelverket krev (minst 25 prosent). Studentane har dermed seks representantar i det nye rådet.
 - Vala i januar 2018 gav eit råd med under førti prosent menn, og vararepresentant Quesada Pacheco rykkjer derfor opp til fast representant for spanskfaget, slik at rådet får den regelfesta kjønnsbalansen.
 - Instituttrådet har i perioden 2018-2021 nitten faste medleamar. Full liste over medlemane ligg her: <http://www.uib.no/fremmedsprak/23599/medleamar>. Når det gjeld kjønnsbalanse, har fakultetet vedteke ei regelendring som blir gjeldande frå og med neste val ved IF. Heretter skal kravet om kjønnsbalanse gjelda *den enkelte valkrinsen* (dvs. kvar av gruppene A, B, C og D for seg), og ikkje det samla rådet.
- B) Instituttleiar orienterte om arbeidet med å tilsetja i dei faste stillingane i fransk litteraturvitskap og latinamerikansk historie.
- C) Instituttleiar orienterte om arbeidet med å tilsetja i dei fem utlyste stipendiat- og postdoktorstillingane.
- D) Uthaug orienterte om at det innan fristen har kome fem søkjarar til stillinga som instituttleiar ved IF: Søkjarar til stillinga som instituttleiar: Cathinka Dahl Hambro, Åse Johnsen, Mohammad Shirazipour og Jeanne Marie Schoenwandt.

Sak 4 – rekneskap for 2017 og budsjett for 2018

Uthaug orienterte om økonomien ved instituttet og framlegget til driftsbudsjett for 2018. Lunde viste til drøftinga i Forskingsutvalet tidlegare i dag, der møtet hadde etterlyst andre måtar å kutta utgifter i staden for å fjerna framlegget om insentivmidlar (påskjøningsmidlar) for publisering. Kan instituttet t.d. vurdere ein billegare versjon av instituttkonferansen i vår, der vi ikkje reiser til Solstrand?

Instituttleiar nemnte at eit alternativ til å redusere i Solstrand-utgiftene kunne vera å fjerna støtta til språkvask, ad hoc-støtta til forskning og publisering, og finansiering av gjesteforelesingar. Veland stilte seg tvilande til om det kunne dokumenterast at påskjøningsmidlar basert på publiseringspoeng, og med såpass små summer som det er snakk om, ville fungera som eit reelt incentiv til forskning. Med utgangspunkt i diskusjonen la Uthaug fram eit justert framlegg som vart vedteke av instituttrådet.

Vedtak (11 røysta for, 1 imot): Instituttrådet tek orienteringa om rekneskapen for 2017 til vitende, og godkjenner det framlagte driftsbudsjettet for 2018 med følgjande presiseringar og endringar:

- a) Institutt-konferansen på Solstrand vert gjennomført etter planen.*
- b) Instituttet set av 150 000 kroner til påskjøningsmidlar basert på publiseringspoeng.*
- c) Ad hoc-støtta til forskning og publisering (50 000) og støtta til språkvask (50 000) vert fjerna, og støtta til gjesteforelesarar vert redusert til 20 000 kroner. Dersom økonomien seinare i budsjettåret skulle visa seg å tillata det, vurderer instituttleinga å leggja inn pengar på desse postane.*

Det justerte driftsbudsjett for instituttet i 2018 er lagt ved referatet.

Sak 5 – Komité for tilsetjing av instituttleiar ved IF

Åse Johnsen deltok ikkje i møtet under denne saka sidan ho er søkjar til stillinga som instituttleiar.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet peikar ut professor Kjersti Fløttum som medlem av innstillingskomiteen for instituttleiarstillinga. Professor Ingunn Lunde er varamedlem for Fløttum.

Sak 6 – ymse

Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef